



Honningguidens hemn

The Honeyguide's revenge

 Zulu folktale

 Wiehan de Jager

 Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand

 4

 nynorsk [nn](#) / English [en](#)



Dette er historia om Ngede, honningguiden, og ein grådig ung mann ved namn Gingile. Ein dag medan Gingile var ute på jakt, kalla Ngede på han. Gingile fekk vatn i munnen ved tanken på honning. Han stoppa og lytta oppmerksamt, og leitte til han såg fuglen i greinene over hovudet sitt. «Tsjitikk, tsjitikk, tsjitikk», kvitra den vesle fuglen i det han flaug til det neste treet, og det neste. «Tsjitikk, tsjitikk, tsjitikk», kalla han, og stoppa innimellom for å forsikra seg om at Gingile følgde etter.

...


This is the story of Ngede, the Honeyguide, and a greedy young man named Gingile. One day while Gingile was out hunting he heard the call of Ngede. Gingile's mouth began to water at the thought of honey. He stopped and listened carefully, searching until he saw the bird in the branches above his head. "Chitik-chitik-chitik," the little bird rattled, as he flew to the next tree, and the next. "Chitik, chitik, chitik," he called, stopping from time to time to be sure that Gingile followed.



Etter ein halvtime nådde dei eit stort vilt fikentre. Ngedede hoppa rundt som ein galen blant greinene. Han slo seg ned på ei grein og strekte hovudet mot Gingile som om han sa: «Her er det! Kom no! Kvifor brukar du så lang tid?» Gingile kunne ikkje sjå nokre bier frå under treet, men han stolte på Ngedede.

...


After half an hour, they reached a huge wild fig tree. Ngedede hopped about madly among the branches. He then settled on one branch and cocked his head at Gingile as if to say, "Here it is! Come now! What is taking you so long?" Gingile couldn't see any bees from under the tree, but he trusted Ngedede.



Så Gingile la spydet sitt ned under treet og samla nokre tørre kvistar og tende eit lite bål. Då elden brann godt, stakk han ein lang, tørr kjepp inn i hjartet av bålet. Denne veden var kjend for å laga mykje røyk medan han brann. Han byrja å klatra medan han heldt den kjølege enden av kjeppen mellom tennene.

...

So Gingile put down his hunting spear under the tree, gathered some dry twigs and made a small fire. When the fire was burning well, he put a long dry stick into the heart of the fire. This wood was especially known to make lots of smoke while it burned. He began climbing, holding the cool end of the smoking stick in his teeth.



Snart kunne han høyra summinga til dei travle biene. Dei kom inn og ut av eit holrom i trestammen – bolet deira. Då Gingile nådde bolet, dytta han den rykande enden inn i holrommet. Biene fór ut, sinte og klare til angrep. Dei flaug bort sidan dei ikkje likte røyken – men ikkje før dei hadde gjeve Gingile nokre smertefulle stikk!

...


Soon he could hear the loud buzzing of the busy bees. They were coming in and out of a hollow in the tree trunk – their hive. When Gingile reached the hive he pushed the smoking end of the stick into the hollow. The bees came rushing out, angry and mean. They flew away because they didn't like the smoke – but not before they had given Gingile some painful stings!



Då biene var ute, stakk Gingile handa si inn i bolet. Han tok ut handfuller med tunge vokskaker som draup av herleg honning og var fulle av feite, kvite larvar. Han la vokskakene forsiktig i veska han bar på skuldra og byrja å klatra ned frå treet.

...


When the bees were out, Gingile pushed his hands into the nest. He took out handfuls of the heavy comb, dripping with rich honey and full of fat, white grubs. He put the comb carefully in the pouch he carried on his shoulder, and started to climb down the tree.



Ngede såg ivrig på alt Gingile gjorde. Han venta på at han skulle leggja igjen ei tjukk voksake som ei takkegåve til honningguiden. Ngede svinsa frå grein til grein, nærare og nærare bakken. Til slutt nådde Gingile foten av treet. Ngede sat på ein stein nær guten og venta på påskjøninga si.

...

Ngede eagerly watched everything that Gingile was doing. He was waiting for him to leave a fat piece of honeycomb as a thank-you offering to the Honeyguide. Ngede flittered from branch to branch, closer and closer to the ground. Finally Gingile reached the bottom of the tree. Ngede perched on a rock near the boy and waited for his reward.



Men Gingile sløkte bålet, plukka opp spydet, byrja å gå heim og oversåg fuglen. Ngede ropte sint: «SI-ger, SI-ger!» Gingile stoppa og stira på den vesle fuglen og lo høgt. «Du vil ha litt honning, du, vesle ven? Ha! Men eg gjorde alt arbeidet og fekk alle stikka. Kvifor skulle eg dela noko av denne herlege honningen med deg?» Ngede var rasande! Dette var då ingen måte å behandla han på! Men han skulle få hemnen sin.

• • •


But, Gingile put out the fire, picked up his spear and started walking home, ignoring the bird. Ngede called out angrily, “VIC-torr! VIC-torrr!” Gingile stopped, stared at the little bird and laughed aloud. “You want some honey, do you, my friend? Ha! But I did all the work, and got all the stings. Why should I share any of this lovely honey with you?” Then he walked off. Ngede was furious! This was no way to treat him! But he would get his revenge.



Ein dag fleire veker seinare hørde Gingile igjen kallet frå Ngede. Han hugsa den herlege honningen og følgde ivrig etter fuglen nok ein gong. Etter at han hadde leidd Gingile langs skogkanten, stoppa han for å kvila i eit stort akasietre. «Å», tenkte Gingile. «Bolet må vera i dette treet.» Han tende raskt det vesle bålet sitt og byrja å klatra med den rykande greina mellom tennene. Ngede sat og venta.

• • •


One day several weeks later Gingile again heard the honey call of Ngede. He remembered the delicious honey, and eagerly followed the bird once again. After leading Gingile along the edge of the forest, Ngede stopped to rest in a great umbrella thorn. "Ahh," thought Gingile. "The hive must be in this tree." He quickly made his small fire and began to climb, the smoking branch in his teeth. Ngede sat and watched.



Gingile klatra, men lurte på kvifor han ikkje høyrde den sedvanlege summinga. «Kanskje bolet er djupt inne i treet», tenkte han for seg sjølv. Han drog seg opp etter ei anna grein. Men i staden for bolet, stira han inn i auga til ein leopard! Leopard var veldig sint fordi søvnen hennar vart så brått avbrote. Ho kneip att auga og opna munnen for å visa dei veldig lange og skarpe tennene sine.

• • •

Gingile climbed, wondering why he didn't hear the usual buzzing. "Perhaps the hive is deep in the tree," he thought to himself. He pulled himself up another branch. But instead of the hive, he was staring into the face of a leopard! Leopard was very angry at having her sleep so rudely interrupted. She narrowed her eyes, opened her mouth to reveal her very large and very sharp teeth.



Før Leopard kunne svinga labben etter Gingile, skunda han seg ned frå treet. I hastverket bomma han på ei grein og landa med eit høgt brak på bakken og forstua ankelen. Han hinka vidare så fort han kunne. Heldigvis for han var Leopard enno for søvnig til å jaga han. Ngede, honningguiden, hadde fått hemnen sin. Og Gingile hadde fått seg ein lærepeng.

• • •

Before Leopard could take a swipe at Gingile, he rushed down the tree. In his hurry he missed a branch, and landed with a heavy thud on the ground twisting his ankle. He hobbled off as fast as he could. Luckily for him, Leopard was still too sleepy to chase him. Ngede, the Honeyguide, had his revenge. And Gingile learned his lesson.



Og på den måten, når borna til Gingile høyrer forteljinga om Ngede, respekterer dei den vesle fuglen. Kvar gong dei sankar honning sørger dei for å gje den største delen av vokskaka til honningguiden!

...

And so, when the children of Gingile hear the story of Ngede they have respect for the little bird. Whenever they harvest honey, they make sure to leave the biggest part of the comb for Honeyguide!



Global Storybooks

globalstorybooks.net

Honningguidens hemn

The Honeyguide's revenge

 Zulu folktale

 Wiehan de Jager

 Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand (nn)

